



Adresseinformasjon fylles inn ved
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 06.12.2018

Vår ref: 18/05420-1

Dykkar ref:

Nye Heim fellesråd og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Nidaros

Møre bispedømeråd gjorde i sak 41/18 vedtak om at forslag til endring av prosti og bispedømegrenser skal sendast på høyring til aktuelle høyringsinstansar etter at naudsynte vedtak er gjort av Storting, regjering, departement og fylkesting.

Vi er no komne så langt at høyringsbrevet kan sendast til høyringsinstansane.

Høyringsinstansane er sokneråd/fellesråd i Halsa, Halsa kommune, kommunal og kyrkjeleg fellesnemnd i Heim kommune, Møre og Romsdal fylke, prosten i Indre Nordmøre prosti og arbeidstakarorganisasjonane. Sjå mottakarlista. Ein ber om at kyrkjeverja i Halsa sender høyringsdokumentet vidare til sokneråd, fellesråd og til kyrkjeleg fellesnemnd. Alle som ønskjer kan gi høyringsuttale.

Vi ber høyringsinstansane om å svare på spørsmåla som er formulert i saksorienteringa som ligg ved. Høyringsuttalen skal sendast til more.bdr@kirken.no innan 18. januar.

Møre bispedømeråd tek sikte på å handsame saka i møtet 8. februar.

Saksorientering

Bakgrunn for saka

På bakgrunn av kommune- og regionreforma har Stortinget gjort formelle vedtak om endringar i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Det er gjort vedtak som får konsekvensar for grensene mellom Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylker.

I følgje Kyrkjelova § 5 skal det være eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Dette vil medføre at grensene for fleire av de noverande fellesråd lyt justerast. De vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil virke direkte inn på prostigrensene for Indre Nordmøre prosti.

Endringane i kommunegrensene får konsekvensar for Halsa kommune frå 1/1 2020.

Endring av bispedømegrenser

Bispedømerådet gjorde i sak 41/18 følgjande vedtak. «Møre Bispedømmeråd sender forslag til endring av prosti- og bispedømegrenser ut på høring til aktuelle høringsinstanser etter at det er gjort nødvendige vedtak av Storting, regjering, departement og fylkesting.»

Med nye fylkesgrenser kan bispedømmegrenser i deler av landet komme til å gå på tvers av de nye fylkes- og regiongrensene. Med unntak for Oslo bispedøme, følger alle bispedøma i Noreg grensene for fylkesinndeling, og det er derfor på mange måtar naturleg at grensene mellom bispedøma blir justert slik at dei følger ny fylkesgrense.

Når Halsa kommune blir ein del av Trøndelag fylke reiser spørsmålet seg om justering av bispedømegrensa mellom Møre og Nidaros bispedøme.

Oversføring av sokn i eit prosti i eit bispedøme til eit prosti i eit anna bispedøme er ein type grenseendring som framleis skal avgjerast av Kulturdepartementet, jf. kyrkjelova § 2 femte ledd, jf. kgl. res. 7.juni 1996 nr. 528 (som legg mynde til å treffe avgjerd frå Kongen til departementet, jf. forskrifta over (under overskrift 3). Departementet vil ta stilling til om bispedømegrensa skal endrast etter gjennomført høyring og rådgivande vedtak i Kyrkjeråd og Bispedømeråd.

Denne høyringa gjeld berre regulering av bispedømegrensa mellom Møre og Nidaros. Møre bispedømeråd vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til om prostiinndelinga skal endrast.

På bakgrunn av Bispedømerådets sitt vedtak formulerer administrasjonen høyringsbrev om justering av grensene for Møre bispedøme og Indre Nordmøre prosti.

Høyringsdokumentet vil bli sendt til følgjande involverte instansar i Møre bispedøme:

- Sokneråd i Halsa
- Kyrkjeleg fellesråd i Halsa
- Halsa kommune
- Fellesnemda i Heim Kommune
- Kyrkjeleg fellesnemnd i Heim kommune
- Møre og Romsdal fylke
- Prosten i Indre Nordmøre
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer

Handsaming av høyringssvar

Saksutreiing skal vurdere dei moment og synspunkt som kjem fram i høyringssvara. Før saka går til handsaming i bispedømerådet blir ho lagt fram i Kontaktmøtet og RAMU til drøfting. Protokoll frå disse møta skal følgje saka til bispedømerådet.

Det vil vere naturlig at vedtaket trer i kraft samstundes som Stortinget sitt vedtak i kommune- og regionreforma – 1. jan 2020.

Tidsplan

5. desember: utsending av høyring
18. januar: Frist for innsending av høyringssvar
- Veke 4 eller 5 : Saka blir lagt fram i kontaktmøte
8. februar: Handsaming i bispedømerådet

Høyringsspørsmål

Dei spørsmål som er aktuelle for høyring er følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av regiongrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
 - a) Skal bispedømet si grense følgje ny regiongrense? - eller
 - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?
2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny regiongrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarende endring i prostigrensa for Indre Nordmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

Med helsing

Arvid Helle
fung. stiftsdir.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Prosten i Orkdal
Nidaros bispedømeråd

Postboks 4

7321 FANNREM

Mottakere:

Prosten i Indre Nordmøre
Halsa sokneråd
Kyrkjeleg fellesnemnd i Heim kommune
Halsa kommune
Fellesnemnda i Heim kommune
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal
Kyrkjeleg fellesråd i Halsa
Fagforbundet - TeoLOGene
Presteforeningen i Møre v/Stein Karstensen
Parat, Midt
UNIO
Fagforbundet

Tingvoll kirkekontor

6630 TINGVOLL

Liabø

6683 VÅGLAND

Stortingsgata 2

0158 OSLO



Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	410	18/05420-5	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.02.2019

Regulering av bispedømegrense mellom Nidaros og Møre bispedøme. Overføring av Halsa sokn til Heim kyrkjelege fellesråd

Vedlegg:

SV_Dokument 18_05420-1 Høyring - nye Heim fellesråd og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Nidaros sendt fra en enhet i Den norske kirke Høyring - endring av bispedømmerådsgrenser

Høyring - Endring av bispedømegrenser i Møre bispedøme

Bakgrunn for saka

På bakgrunn av kommune- og regionreforma har Stortinget gjort formelle vedtak om endringar i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Det er gjort vedtak som får konsekvensar for grensene mellom Møre og Romsdal og Trøndelag fylker.

I følgje Kyrkjelova § 5 skal det være eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Dette vil medføre at grensene for noverande fellesråd lyt justerast. Dei vedtekne endringane i kommunestrukturen og vedtak om grensereguleringer mellom fylka vil virke direkte inn på bispedømegrensa og på prostigrensene for Indre Nordmøre prosti.

Endringane i kommunegrensene får konsekvensar for Halsa sokn frå 1/1 2020. Soknet blir då etter innføring av nye kommunegrensene lagt til Heim kyrkjelege fellesråd.

Møre bispedømeråd gjorde i sak 41/18 vedtak om at forslag til endring av prosti og bispedømegrenser skal sendast på høyring til aktuelle høyningsinstansar etter at naudsynte vedtak er gjort av Storting, regjering, departement og fylkesting.

Høyrbrevet blei sendt ut 5. desember.

Høyrdokumentet vil bli sendt til følgjande involverte instansar i Møre bispedøme:

- Sokneråd i Halsa
- Kyrkjeleg fellesråd i Halsa
- Halsa kommune
- Fellesnemda i Heim Kommune
- Kyrkjeleg fellesnemnd i Heim kommune
- Møre og Romsdal fylke

- Prosten i Indre Nordmøre
- Fagorganisasjonane i begge arbeidsgivarlinjer

Handsaming av høyringssvar

Høyringsinstansane har hatt frist til å svare 18. januar. Kontaktmøtet mellom Møre bispedøme og arbeidstakarorganisasjonane finn stad dagen før bispedømerådsmøtet. Administrasjonen vil referere munnleg frå dette møtet si handsaming av saka.

Kyrkjerådet vil handsame saka i sitt møte 14 -15. mars og vil sende saka til endeleg avgjerd i departementet.

Desse har gitt høyringsuttale

- Prosten i Søre Sunnmøre prosti
- Fagforbundet TeoLOgene

Berre endring av bispedømegrenser

Denne høyringa gjeld berre regulering av bispedømegrensa mellom Møre og Nidaros. Møre bispedømeråd vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til om prostiinndelinga skal endrast.

Høyringsspørsmål

Dei spørsmål som er aktuelle for høyring er følgjande:

1. Med bakgrunn i endringane av regiongrensene ber ein om synspunkt på følgjande:
 - a) Skal bispedømet si grense følgje ny regiongrense? - eller
 - b) Skal bispedømet si grense følgje tidlegare fylkesgrense?
2. Dersom grensa for Møre bispedøme blir endra slik at ho følgjer ny regiongrense, vil bispedømerådet foreslå tilsvarande endring i prostigrensa for Indre Nordmøre prosti. Har høyringsinstansane andre forslag eller synspunkt?
3. Andre kommentarar

Oppsummering av høyringsvara

Dei to høyringsuttalane seier ja til samanfallande bispedømegrense og regiongrense. Dei svarar også ja på spørsmålet om at grensene for Indre Nordmøre blir regulert tilsvarande.

Forslag til vedtak

- 1) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om at bispedømet si grense skal følgje regiongrensa mellom Møre og Trøndelag.
- 2) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om tilsvarande endring av prostigrensa for Indre Nordmøre prosti.

Sjølv om endring ikkje blir gjennomført med verknad før 1. jan 2020, vedtar bispedømerådet at kyrkjevalet 2019 blir gjennomført som om endring alt har skjedd.

**MØTEPROTOKOLL****Møre bispedømeråd 2016-2019****Dato:** 08.02.2019 kl. 10:00**Sted:** Møre bispedømeråd 08.02.2019**Arkivsak:** 17/00414

Tilstede: Ann Kristin Sørvik, Therese Kristin Børnes Utgård, Olav Christian Rønneberg, Ingeborg Midttømme, Maren Elgsaas Jenssen, Frode Rabbevåg, Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Olav Myklebust, Anette Fredly, Per Eilert Orten,

Møtende
varamedlemmer:

Forfall:

Andre: Fra administrasjonen: Alice Elnes (2/19), Stein Karstensen (sak 2/19)
Bjørn Olaf Storhaug (4/19), Toril Holm (7/19), Arvid Helle

SAKSLISTE**Side****Godkjenning av innkalling og saksliste**

1/19 Møteinnkalling 08.02.2019 2

Godkjenning av protokoll

2/19 Møteprotokoll 14.12.2018 2

Tilsettingssaker

3/19 Tilsetting av sokneprest i Søre Sunnmøre prosti med Hareid sokn som
særleg tenestested.
- *Unntatt offentlighet* 3

Saker til behandling

4/19 Aktuelle orienteringar - samtale 3

5/19 Høyring om bispedømegrenseregulering Hornindal sokn til Møre
bispedøme 4

6/19 Regulering av bispedømegrense mellom Nidaros og Møre
bispedøme. Overføring av Halsa sokn til Heim kyrkjelege fellesråd 5

<u>7/19</u>	Satsing på kyrkja sitt diakonale samfunnsansvar - fordeling av diakonimidlar	6
-------------	--	---

Orienteringssaker

<u>8/19</u>	Orienteringssaker 08.02.2019	6
-------------	------------------------------	---

Referatsaker

<u>9/19</u>	Referatsaker 08.02.2019	6
-------------	-------------------------	---

08.02.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

1/19 Møteinkalling 08.02.2019

Møtebehandling

Votering

Vedtak

Godkjent

[Lagre]

Godkjenning av protokoll

2/19 Møteprotokoll 14.12.2018

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd støttar utkast til årsplan og budsjett for 2019 med dei tillegg og endringar som kom fram i møtet.

Fellesråd at Kyrkjerådet overfører av presteressursar til Volda tilsvarende dei presteressursar i som i dag ligg til Hornindal sokn.

Sjølv om endring ikkje blir gjennomført med verknad før 1. jan 2020, vedtar bispedømerådet at gjennomføring av kyrkjevalet 2019 blir gjennomført som om endring alt har skjedd.

[Lagre]

6/19 Regulering av bispedømegrense mellom Nidaros og Møre bispedøme. Overføring av Halsa sokn til Heim kyrkjelege fellesråd

Forslag til vedtak

- 4) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om at bispedømet si grense skal følgje regiongrensa mellom Møre og Trøndelag.
- 5) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om tilsvarende endring av prostigrensa for Indre Nordmøre prosti.

Sjølv om endring ikkje blir gjennomført med verknad før 1. jan 2020, vedtar bispedømerådet at kyrkjevalet 2019 blir gjennomført som om endring alt har skjedd.

Møtebehandling

Saksordførar Per Eilert Orten

Administrasjonen viste til at Kontaktmøtet støtta administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Bispedømerådet viser til tidlegare vedtak om grenseregulering for Rindal sokn og ber om at ressursfordeling mellom dei to aktuelle sokna i Indre Nordmøre prosti blir vurdert under eitt.

Votering

Samrøystes

Vedtak

- 1) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om at bispedømet si grense skal følgje regiongrensa mellom Møre og Trøndelag.
- 2) Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet om tilsvarende endring av prostigrensa for Indre Nordmøre prosti.

Sjølv om endring ikkje blir gjennomført med verknad før 1. jan 2020, vedtar bispedømerådet at kyrkjevalet 2019 blir gjennomført som om endring alt har skjedd.

[Lagre]